

**MØTEBOK****Fastsetjing av planprogram - kommuneplanen sin arealdel**

Utval sak	Utval	Møtedato
82/23	Formannskapet	21.11.2023
80/23	Kommunestyret	21.11.2023

**Vedlegg:**

- 1 Planprogram
- 2 Uttale til planprogram KPA - Statens Vegvesen
- 3 Uttale til planprogram KPA - Mattilsynet
- 4 Fråsegn til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel - Fitjar kommune - Vestland fylke.pdf
- 5 Uttale til planprogram KPA - Vestland fylkeskommune
- 6 Uttale til planprogram KPA - Fiskeridirektoratet
- 7 Uttale til planprogram KPA - Direktoratet for mineralforvaltning
- 8 Uttale til planprogram KPA - Lerøy Sjøtroll Kjærelva
- 9 Uttale til planprogram KPA - Stord kommune
- 10 Uttale til planprogram KPA - Forum for natur og friluftsliv Hordaland
- 11 Uttale til planprogram KPA - Tor Christian Hestenes
- 12 Uttale til planprogram KPA - Friluftsrådet Vest
- 13 Uttale til planprogram KPA - Statsforvaltaren i Vestland
- 14 Uttale til planprogram KPA - Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

**Bakgrunn:**

Fitjar kommune vedtok 24.8.2022 å starta opp arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Før planen vert utarbeidd, skal kommunen fastsetja planprogrammet for arealdelen. Planprogrammet stiller opp rammene for det vidare planarbeidet.

Planprogrammet vart lagt på høyring i juli, med merknadsfrist 12.9.2023, og skal no fastsetjast.

**Vurdering:**

Planprogrammet skildrar rammene og føringane for det komande planarbeidet. Dette er nasjonale og regionale føringar, mellom anna regionale planar, nasjonale planar og rettleiarar og dessutan kommunale føringar. Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig her, som den overordna kommunale planen.

Det er sett ned ein politisk styringsgruppe, som skal fylgja planarbeidet. Deira mandat er skildra i planprogrammet.

Kommunen vil leggja vekt på nokre hovudtema i det komande planarbeidet. Dette er

- Strandsone - Fitjarøyane og byggjegranser mot sjø og vassdrag
- Sentrumsutvikling - Fitjar sentrum
- Bustadbygging - fortetting, nye bustadfelt, LNF-spreidd, eldrebustadar og folketalsvekst
- Fritidsbustadar og naust - vidare utvikling av Kråko

- Næring
- Arkitektur og estetikk
- Landbruk og jordvern
- Havbruk
- Friluft, idrett, folkehelse, kultur og turisme
- Klima, naturfare og naturmangfald
- Energiproduksjon
- Infrastruktur – transport, veg og parkering, og gang- og sykkelveggar
- Tilhøvet til gjeldande reguleringsplanar

Planprogrammet tek vidare føre seg korleis planarbeidet skal organiserast, handtering av medverknad og innspel, risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing.

Det er kome inn 13 uttalar til planprogrammet. Desse ligg ved saksutgreiinga.

I tillegg har me motteke ei rekkje innspel som er meir knytt til det komande planarbeidet. Desse innspela har me difor vald å sjå vekk frå i handsaminga av planprogrammet, som altså skal ta føre seg *rammene* for planarbeidet. Innspela tek me likevel med i det vidare arbeidet, og vil koma attende til desse. Dei ligg ikkje ved denne saksutgreiinga.

Fleire av merknadane i uttalene er knytt til utforminga av føresegner og plankart. Desse noterer me oss og tek dei med i det vidare arbeidet, men me tek ikkje stilling til dei på noverande tidspunkt. I tabellen under oppsummerer me kort hovudpunkta i dei innspela som er kome inn.

Uttale frå	Innhaldet i uttala
Mattilsynet	Mattilsynet peiker spesielt på sikring av drikkevasskjelder som viktig, og peiker på at kommunen må vurderer tilgang til offentleg vass- og avlaupsanlegg i utbyggingsområde, anten det er bustadar, fritidsbustadar, eller anna. Vatn og avlaup er kritisk infrastruktur og hygienisk trygt drikkevatt er avgjerande.
Statens vegvesen	SVV er positive til at kommunen tek opp tema med å utvikla eit effektivt og berekraftig transportsystem, og meiner det er viktig å sjå samferdsle slik som fortau og sykkelveggar i samheng med vidareutvikling av sentrumsnære bustadområde.
Kystverket	KV tek oppsjøtransport og ålmenn ferdsle på sjøen, og meiner at etablering av tiltak i eller nær sjø som kan få fylgjer for tryggleik og framkome i farvatnet må vera med i konsekvensutgreiingsarbeidet. KV gjev innspel om korleis arealdisponering til sjøs kan takast med i planarbeidet, t.d. knytt til farleier, hamner, ankringsområde, seglingsmerke osv. Akvakultur ekskluderer andre føremål slik som farlei og ferdsle.
Friluftsrådet vest	FV trekkjer fram Fitjarøyane som eit regionalt viktig område for utøving av båtbasert friluftsliv, og oppmodar kommunen om å ta omsyn til samanhengen mellom folkehelse og friluftsliv i planlegging av bustadfelt. Dei kjem også inn på omsynet til barn og unge og at det bør setjast av areal til leik i nærleiken til bustadområde.
Vestland fylkeskommune	Vfk kommenterer FN's berekraftsmål og oppmodar om at måla i kommuneplanarbeidet vert konkretisert. Dei ynskjer også ei synleggjering av dei overordna måla frå samfunnsdelen. Det same gjeld arealstrategi. Vfk meiner at ein arealrekneskap vil vera nyttig. Dei oppmodar om at medverknadsprosessen vert lagt opp slik at tilstrekkeleg involvering av aktuelle grupper vert sikra. Vfk peiker på nokre tema som bør supplerast i konsekvensutgreiinga.

	<p>Vfk er positive til at kommunen ynskjer å sikra ei berekraftig forvaltning av strandsoneområda, og gjev innspel til korleis dette kan gjerast.</p> <p>Vfk kommenterer dei ulike hovudtemaa i planprogrammet og gjev innspel som også er knytt til det komande planarbeidet med utarbeiding av føresegner og kart. Vfk meiner at planprogrammet i større grad bør ta føre seg kulturminneinteresser. Dei oppmodar om at næringsaktørar vert involverte i planprosessen gjennom planen for medverknad.</p> <p>Vfk kommenterer vidare utsleppsreduksjon og korleis kommunen bør gå fram, klimarisiko og -tilpassing, og naturmangfald, der Vfk meiner at kunnskap om naturverdiane er avgjerande for å unngå å øydeleggja naturmangfaldet når arealbruk vert endra.</p>
Fiskeridirektoratet	Fdir meiner at fiskerinæringa med fordel kunna ha vore eit eige hovudtema i planprogrammet. Direktoratet gjev innspel til aktørar som bør ha høve til å delta i medverknadsprosessen. Dei kommenterer også at kommunen bør sjå på låssetjingsplassar og reketrålfelt. Fdir oppmodar om at konsekvensutgreiinga tek føre seg både utbyggings- og driftsfase for utbyggings- og næringsområde.
Direktoratet for mineralforvaltning	DMF meiner at mineralressursar skal takast inn som tema for konsekvensutgreiinga. Vidare peiker direktoratet på kommunen i arealdelen bør vurderer korleis eksisterande og ny arealbruk påverkar tilgang til mineraliske førekomster i dag og for framtida. DMF har innspel til utforming av føresegner og omsynssoner knytt til deira fagfelt.
Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS	LS ynskjer at planprogrammet i større grad kommenterer KPA bør skapa føreseielegheit kring bruk og vern av sjøareal, der næringsinteresser er viktige sett opp mot ivaretaking av område med spesielle eigenskapar og sårbare artar.
Stord kommune	SK ytrar ynske om dialog om bruk av grenseareala, klima, energi og planlegging av næringsområde på land og i sjø. Dei nemner også utbygging av vindkraft på Midtfjellet og strandsoneforvaltning som tema som råkar begge kommunar.
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	FNFH oppmodar til at FK tek best mogleg vare på natur- og friluftslivsverdiane i kommunen. Dei kommenterer at endringar i arealbruk påverkar trua artar i Noreg. FNFH trekkjer fram nokre døme på overordna planar og forventningar som dei meiner bør koma med i lista i planprogrammet. Arealrekneskap for LNF-område er aktuelt å realisera.
Tor Christian Hestenes	TCH meiner det vert teke for lite omsyn til vern av naturmangfald og naturtypar i planprogrammet. Jordvern er eit viktig tema. Han meiner at kommunen må ha eit større medvit knytt til næringsareal og kva slags areal som skal vera avsett til kva. Utbygging av næringsareal kan gå utover matjord og naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget må vera godt, der naturmangfaldet er kartlagd.

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren knyt merknadar til alle temaa i planprogrammet, og har omfattande innspel knytt til ei rekkje område:

Samfunnssikkerheit/beredskap: ROS-analysen må utarbeidast på eit tidleg nok stadium til at han vert eit reelt og nyttig avgjerdsverktøy i planarbeidet. ROS-analysen må vera på faresonenivå der utbygging skal skje direkte på bakgrunn av KPA. Reell risiko og sårbarheit skal vert utgreidd på siste plannivå. (sjå også same innspel frå NVE). Både risiko og sårbarheit skal vurderast.

Arealrekneskap: Stf oppmodar om å utarbeida dette, som del av kunnskapsgrunnlaget, og meiner dei bør inngå som eit utgreiingstema i planprogrammet.

Strandsone: Stf syner til ny digital rettleiar om strandsona i kommunal rettleiar for Vestland fylkeskommune. Dei meiner at rettleiaren for Nordland fylkeskommune som er nemnd i planprogrammet ikkje er tilstrekkeleg. Stf trekkjer fram at strandsona i 100-metersbeltet skal forvaltast i eit langsiktig, heilskapeleg perspektiv, og har innspel knytt til lokalisering av bryggjer, småbåthamner og naust. Stf føreset at forvaltninga av strandsona vert sett i samanheng med t.d. friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø, landskap osv, og teke med i planprosessen.

Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar: Stf er positiv til at FK legg opp til ein slik gjennomgang.

Fitjarøyane: Stf trekkjer fram dei særeigne kvalitetane til området, og meiner at FK har lagt grunnlaget for ei god og planstyrt utvikling i øyane. Dei trekkjer fram kystlynghei, natur og friluftslivverdiar og ynskjer at det i planarbeidet vert gjort greie for korleis dette skal forvaltast langsiktig og heilskapeleg.

Landbruk/jordvern: Stf uttrykker at FK er ein viktig landbrukskommune, og at det er særskilte utfordringar når det gjeld omsyn til samfunns- og sentrumsutvikling vege opp mot omsyna til jordvern.

Bustadsosiale omsyn: Stf føreset at bustadsosiale omsyn er eit kunnskapstema som inngår i arbeidet med arealdelen.

Fritidsbustadar: Stf oppmodar til fortetting og utviding av eksisterande område vert vurdert før utbygging i nye område.

Folkehelse: Stf føreset at ei oppdatert folkehelseoversikt inngår som eit kunnskapsgrunnlag i kommuneplanprosessen.

Born og unges interesser: Stf føreset at planprogrammet gjer greie for korleis barn og unge skal involverast i planprosessen, og at konsekvensar for born og unge vert tilstrekkeleg belyst i planprosessen. Dei syner til rikspolitiske retningslinjer for born og unge. Stf føreset at planarbeidet vert gjort kjend for barne- og ungdomsrepresentanten i Fitjar kommune.

	<p><u>Planlegging for eit meir aldersvenleg samfunn:</u> Dette bør belysast i planarbeidet. Det same gjeld prinsippet om <u>universell utforming</u>, der Stf føreset at det vert konkretisert i planprogrammet korleis universell utforming skal fylgjast opp i arealdelen.</p> <p><u>Forureining:</u> Stf er inne på støy, luftkvalitet og forureina grunn, og gjev innspel til korleis dette kan arbeidast med i planarbeidet.</p> <p><u>Masseforvaltning:</u> Stf tek opp tema som massebalanse i prosjekt, massehandteringsplanar, handtering av masseoverskot osv.</p> <p><u>Naturmangfald:</u> Stf meiner at planprogrammet må vera meir konkret på punktet i planprogrammet som seier at «me må sjå på tilstand til naturmangfaldet både marint og på land» og at det vert sett på kunnskapsgrunnlag og eventuelt behov for innhenting av nye data. Der det skal opnast for utbygging, skal det føreliggja tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald. Delar av FK vart kartlagd 2023. Naturmangfald skal vera premissgjevande for arealplanlegginga. Stf trekkjer fram ein kommunedelplan for naturmangfald som eit positivt mogleg tiltak.</p> <p><u>Vassdragsforvaltning og vassmiljø:</u> Stf minner om at Røydlandselva er eit verna vassdrag og at FK har vassdrag med tyding for sjøaure. Endra arealbruk langs vassdrag kan ha påverknad på vasskvaliteten. Det bør fastsetjast byggjegrænse på inntil 100 meter for vassdrag som har tyding for naturmiljø, kulturmiljø, natur og friluftsliv. Stf påpeiker at planprogrammet må ta omsyn til drikkevatt (sjå og innspel frå Mattilsynet.)</p> <p><u>Klima:</u> Stf meiner det er positivt at planprogrammet har eit eige tema i planprogrammet som gjeld klima, naturfare og naturmangfald. Dei syner vidare til samfunnsdelen og meiner det må vera ei tydeleg kopling mellom arealdelen, klima og miljømåla i samfunnsdelen og arealstrategiane. Stf nemner marine område som viktige for karbonlagring.</p> <p><u>Havbruk:</u> Stf føreset at havbruk er eit særskilt konsekvensutgreiingstema. Dei meiner vidare at utgreiingar av ny arealbruk må vera eit eigna grunnlag for å ta stilling til om nye areal kan takast i bruk til havbruk/akvakulturføremål.</p>
NVE	<p>NVE oppmodar om at område med naturfare vert kartlagde i planarbeidet, og at det vert poengtert i planprogrammet at kommunen skal kartleggja naturfare minst på aktsemdnivå på alle areal der planen opnar for utbygging.</p> <p>NVE kommenterer korleis plankartet kan utformast når det gjeld omsynssoner, og påpeiker at det er viktig å nytta best mogleg kunnskap om naturfare i planlegging. Kommunen må syta for at der KPA opnar for utbygging utan å gå vegen om reguleringsplan, må reell fare avklarast i samband med utarbeidinga av arealdelen. Dei oppmodar om at det framgår i planprogrammet at planen skal utarbeidast i samsvar med prinsippet om at reell naturfare skal skje på siste plannivå.</p>

	NVE er inne på korleis potensiell skredfare skal kartleggjast både for snøskred, flaum, erosjon og kvikkleire, og kjem inn på problemstillingar knytt til planlegging for overvatn, klimaendringar, verna vassdrag osv. NVE kommenterer korleis kommunen bør gå fram i det komande planområdet innan desse temaa.
--	---

Innspela er gjennomgått av administrasjonen og den politiske styringsgruppa. Styringsgruppa har hatt møte i forkant av handsaminga av planprogrammet i formannskapet og kommunestyret.

Me har føya til ei liste med nasjonale og regionale planar og rettleiarar i oversikta over dei som er relevante for kommuneplanarbeidet.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er oppdaterte i 2023, og avsnitta om desse i planprogrammet pkt 4.1 er dermed oppdatert og ajourført. Dette er forventningar som kommunane skal fylgja opp i sine planarbeid, også kommuneplanarbeid.

Under hovudtemaa er det gjort fylgjande justeringar i etterkant av høyringa:

Strandsone: Det er gjort nokre suppleringar knytt til Fitjarøyane, for å understreke viktigheita av området. Det er uttrykt tydelegare at også byggjegrense mot sjø og vassdrag er noko som må inngå i planarbeidet. Referansen til digital rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland er teke med i samsvar med innspela frå Statsforvaltaren.

Bustadbygging: Det er kome fleire innspel knytt til fortetting og utfordringar knytt til balanseringa av fleire omsyn, m.a. jordvern i områda rundt Fitjar sentrum. Dermed er dette nemnd tydelegare i planprogrammet som eit aktuelt vurderingstema. Infrastruktur i tilknytning til byggeområde er også teke med.

Havbruk: Under dette temaet har me føya til at det er aktuelt å sjå til fiske- og låssetjingsplassar i planarbeidet. Fiskeridirektoratet og Kystverket har vore inne på slike tema i sine uttaler, mellom anna i samanheng med farleier og anna bruk av sjøareal. Styringsgruppa var inne på synleggjering av trålfelt og ajourhald av karta. Vår vurdering er at når spørsmål knytt til fiskerinæringa vert teke opp under temaet dette hovudtemaet, er det ikkje naudsynt med eige hovudtema for fiskeri.

Friluft, idrett, folkehelse, kultur og turisme: Temaet rommar vidt, og det er mange innspel knytt til dette. Det er derfor supplert ein del om t.d. universell utforming, infrastruktur knytt til reiseliv og friluftsliv.

Klima, naturfare og naturmangfald: Kommentaraner knytt til kartlegging av naturfare er teke med. Andre moment som er supplert er det som gjeld kartlegging av karbonrike areala, overvatn og flaumvegar. Som fylgje av innspela knytt til naturmangfald, er det og tydeleggjort at naturmangfaldlova §§ 8-12 (føre-var-prinsippet, krav til kunnskapsgrunnlag mv.) ligg til grunn i planarbeidet, og at me skal ta best mogleg vare på natur- og kulturverdiane i kommunen.

Energiproduksjon: Her er det føya til eit punkt om at kommunen må vurderer om alle nye kommunale bygg skal ha eigen energiproduksjon.

Infrastuktur: Det er lagt til eit punkt om at me i planarbeidet skal gjennomgå sjøareala når det gjeld farleier, ferdsle, oppankring osv.

\*

Når det gjeld konsekvensutgreiingar er det supplert med nokre tema som skal utgreiast i planarbeidet.

Det har vore fleire innspel knytt til arealrekneskap. Vår vurdering er at det er kome fram tydeleg at dette vert ein del av arbeidet i planprosessen, sjølv om det ikkje er stilt opp som eige tema.

Fleire innspel gjeld også born og unges interesser, m.a. at kommunen bør vera tydelegare på korleis born og unge skal involverast i planprosessen. I punktet for medverknad og innspel går det fram at det vert lagt opp til møte i ungdomsrådet og besøk på skulane for å oppnå deltaking blant born og unge. I tillegg bør kommunen nytta sosiale media for å prøva å skapa engasjement hjå denne aldersgruppa.

Det er føya til eit punkt under hovudtema 5.9 Friluft, idrett, folkehelse, kultur og turisme at kommunen må ta drikkevassomsyn under planlegginga. Omsynet til trygt og tilstrekkeleg drikkevatt er sentralt, og drikkevasskjelder må sikrast.

Framdriftsplanen er oppdatert.

Planprogrammet er elles korrekturlese og det er gjennomført språkvask.

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune fastset planprogram for kommuneplanens arealdel jf. pbl § 11-13 andre ledd.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 21.11.2023**

### **Behandling:**

Formannskapet drøfta saka, og la føre følgjande framlegg til endring i planprogrammet:

Setningane - 'Samfunnsdelen er kommunen sin utviklingsstrategi. Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som er vedtekne der.' og 'Ny områdeplan for Fitjar sentrum vert utgangspunktet for arealbruken.' - på side 5 vert strokne frå planprogrammet.

Det vart røysta over endringsframlegget:

Setninga i pkt. 4.2: 'Samfunnsdelen er kommunen sin utviklingsstrategi. Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som er vedtekne der.' - strykast frå planprogrammet. Samrøystes vedteke.

Setninga i pkt. 5.2: 'Ny områdeplan for Fitjar sentrum vert utgangspunktet for arealbruken.' - strykast frå planprogrammet. Vedteke med 3 røyster (H og FRP) mot 2 røyster (KRF og AP).

Det ligg etter dette føre slik tilråding til kommunestyret:

Fitjar kommune fastset planprogram for kommuneplanens arealdel jf. pbl § 11-13 andre ledd, med denne endringa:

Setninga i pkt. 4.2: 'Samfunnsdelen er kommunen sin utviklingsstrategi. Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som er vedtekne der.' - strykast frå planprogrammet.

Setninga i pkt. 5.2: 'Ny områdeplan for Fitjar sentrum vert utgangspunktet for arealbruken.' - strykast frå planprogrammet.

### **Vedtak:**

Fitjar kommune fastset planprogram for kommuneplanens arealdel jf. pbl § 11-13 andre ledd, med denne endringa:

Setninga i pkt. 4.2: 'Samfunnsdelen er kommunen sin utviklingsstrategi. Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som er vedtekne der.' - strykast frå planprogrammet.

Setninga i pkt. 5.2: 'Ny områdeplan for Fitjar sentrum vert utgangspunktet for arealbruken.' - strykast frå planprogrammet.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.11.2023**

### **Behandling:**

Etatssjef Samfunnsutvikling og drift, Louise Pettersen, orienterte om planprogrammet.

Tilråding frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Fitjar kommune fastset planprogram for kommuneplanens arealdel jf. pbl § 11-13 andre ledd, med denne endringa:

Setninga i pkt. 4.2: 'Samfunnsdelen er kommunen sin utviklingsstrategi. Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som er vedtekne der.' - strykast frå planprogrammet.

Setninga i pkt. 5.2: 'Ny områdeplan for Fitjar sentrum vert utgangspunktet for arealbruken.' - strykast frå planprogrammet.

John Karsten Raunholm  
konst. kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.